



DEN NORSKE KYRKJA

Ikkornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikkornnes Sokneråd 03.02.2021

Ikkornnes kyrkje kl. 19.30

Til stades: Erlend Lunde, Bergljot Hjortdal, Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Stein Vedvik og Anita Øvergård

Sak 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger.

Sak 2/21 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 3/21 Diakoniutval

Kristin Kjemphol Lohne var forhindra frå å møte denne gongen også, men no har ho starta å rekruttere til utvalet. Frå Ikkornnes sokn har Stein Vedvik takka ja til å vere med.

Sak 4/21 Kollekt i korona-tida 2020.

All kollekt frå og med mars 2020 har blitt samla inn til kyrkjelydsarbeidet. Vi gir Arild Sporsheim mandat til å fordele innkomen kollekt prosentvis slik vi har gitt dei tidligare åra. Lista med mottakarar står i sak 11/20.

Satser på å gjere det på samme måte i år også inntil vidare.

Sak 5/21 Revisjon av ordning for hovudgudsteneste i kyrkja.

Vi har frist til Pinse å få denne revidert og godkjent. Denne skal presenteres og godkjennes av soknemøtet (fellesmøte rett etter ei gudsteneste). Erlende delte ut eit forslag til alle, og vi kjem med eventuelle innvendinger på neste soknerådsmøte.

NB: Det må også sjekkast opp kva andre saker som skal takast opp på dette soknemøtet.

Sak 6/21 Konfirmasjon 2021.

Kyrkja har tenkt at dei kan klare å avvikle denne i løpet av mai. Konfirmantane her ikkje hatt meir enn ei samling enno, men det skal mest sannsynlig bli eit opplegg inndelt klassevis innan eit par veker.

Soknerådet meiner at det vil bli enklare for familieane og meir forutsigbart om konfirmasjonen kan flyttast til august/september allereie no... Då er forhåpentligvis mange fleire vaksinerte, og ein kan klare / ha lov til å ha større antal personar i selskapet.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 7/21 Fasteaksjonen 23. mars 2021

Janita har frist til 23. februar for å bestille opp nødvendig materiell. Veit ikkje om det berre blir digitalt, eller om ein kan få sende rundt konfirmantane på dørene til folk. Venter på endelig beskjed frå Kirkens Nødhjelp vedr korleis opplegget blir.

Sak 8/21 Kyrkjedagane 2021 – plan B?

Vi kan håpe på at det i september/oktober kan bli mulig å ha arrangement igjen. Då kan det bli eit opplegg med sosisalkveld og song og musikk. I mellomtida må vi arbeide aktivt med å få i sving Givertenesta. Anita, Bergljot og Erlend møtes neste veke og legg ein plan på korleis dette kan gjerast på ein mest mulig synlig måte, og med best mulig resultat. Magnar vil skaffe gevinst som vi kan trekke blant dei som «verver» seg (innan ein viss frist).

Sak 9/21 Uteareal / parkering

Kva skjer nedom kyrkja i forhold til nye-vegen? Vi rekner med at trea ved parkeringa forsvinn. Kva med parkeringsplassen? Blir den utbetra og asfaltert? Kven veit noko om dette?

Magnar sjekker opp til neste møte.

Sak 10/21 Bilete frå Anna Ebbesvik.

Vi har fått eit flott innramma bibelvers etter Anna Ebbesvik. Tusen takk! Dette vil vi gjerne få hengt opp nede i kyrkjekjellaren; over / ved pianoet.

Sak 11/21 Blomsterkrukker utanfor kyrkja.

Anita tar på seg ansvaret med å kjøpe inn /plante - alt etter sesong. Men nokon andre må passe på vatninga...

Neste møte: ikkje bestemt

Skrivar, Anita Øvergård